# Årsmelding
# 2019
# Idrettslaget Høyang





# Årsmøte
# IL Høyang

## 16. juni kl. 18.00 på Øren Hotel

Styret viser til innkalling til årsmøte av 20.01.20. Grunna Covid-19 måtte møtet utsetjast på ubestemt tid. Grunna smittevern må vi ha påmelding til møtet. **Dette gjer du på www.ilhoyang.no innan 9. juni.**

**Viktig at vi tek i vare smittevern.**
- **Ikkje kom om du er sjuk.**
- **God handhygiene.**
- **Vi held 1-meters regelen.**

Det blir servert tallerkenrett og mineralvatn

**Sakliste:**
**Sak 1:** Godkjenne dei som har røysterett
**Sak 2:** Velje dirigent
**Sak 3:** Velje protokollførar
**Sak 4:** Velje to medlemmar til å skrive under protokollen
**Sak 5:** Godkjenne innkallinga
**Sak 6:** Godkjenne saklista
**Sak 7:** Handsame idrettslaget si årsmelding, medrekna eventuelle gruppeårsmeldingar
**Sak 8:** Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand
**Sak 9:** Handsame forslag og saker
**Sak 10:** Fastsetje medlemskontingent for 2021
**Sak 11:** Vedta idrettslaget sitt budsjett
**Sak 12:** Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan
**Sak 13:** Gjere følgjande val:
**13.1** Styre:
- leiar
- nesteleiar
- styremedlemmar
- varamedlemmar

**13.2** Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantane
**13.3** Valkomité:
- leiar
- medlemmar
- varamedlem

**13.4** Øvrige val i samsvar med idrettslaget sin organisasjonsplan

Ved spørsmål om årsmøtet, kan Idrettslaget Høyang kontaktast på e-post: helge.oyehaug@hoyanger.kommune.no

-styret -

Idrettslaget Høyang
Postboks 244, 6991 HØYANGER

# ÅRSMELDING IDRETTSLAGET HØYANG 2019
# HOVUDSTYRET

**Styret si samansetning:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Helge Øyehaug |
| Nestleiar/kasserar: | Vidar Skår |
| Skrivar: | Hilde Johanne Bjørkhaug |
| Marknad/sponsor: | Svein Olav Aardal |
| Varamedlem: | Jon-Arne Ytredal |
| Valgkomité: | Petter Sortland og Ingrid Sviggum Håre |
| Revisorer: | Marianne Taule, Ingrid Wolff og Leif Magnar Bach |

**Gruppeleiarar:**

| | |
|---|---|
| Fotballgruppa | Tore Ytredal |
| Klatregruppa | Robert Breidvik |
| Innebandygruppa | Marius Lillehauge |
| Friidrettsgruppa | Anne Sissel Nordeide |
| Karategruppa | Heidi Kleiven |
| Turngruppa | Elisabeth Sæbø |
| Handballgruppa | Vidar Fredriksen |
| Allidrett | Lindis Hilde |
| Falkenhytta | Olav Nordgulen |

1. **Møter**
   Eit årsmøte.
   10 møter i AU
   6 styremøter


sparebanken sogn og fjordane
Sport'n Høyanger
Hydro
Statkraft
lederne Vi bygger gode ledere avd. 49 Høyanger

## 2. Saker styret har jobba med i 2019

- Kjøp av ny buss.
- Treningstider
- Samarbeid med Høyanger vidaregåande skule
- Oppgradering av sentralidrettsanlegget. Styret har sendt brev til kommunen.
- Sponsorkontrakter
- Idrettsfest
- Ny web side
- Ny lovnorm
- Nytt anlegg til klatregruppa

## 3. Styret sin kommentar

- Kjøp av ny buss.

Ny buss er innkjøpt, sikker transport og større kapasitet. VW Crafter til kr. 464 000,-. Dette er ein buss med same storleik og kapasitet som den andre. Om vi fjernar to seter kan den og få plass til rullestol. Noko større bagasjeplass.

- Treningstider.

I år hadde vi lite utfordring med å få treningstidene til å gå opp.

- Samarbeid med Høyanger vidaregåande skule

Høyanger vgs og IL Høyang har inngått eit samarbeid om programfag Breiddeidrett 1.
Tilbodet er primært for elevar som driv organisert idrett i regi av IL Høyang.
Tilbodet gjeld elevar ved Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram
Tilbod frå skuleåret 2019/2020 – avtale om samarbeid i 3 år.
Programfaget vert lagt ut som 5 timars fag, der to av desse timane vert haldne i skuletida, og er lagt inn i timeplanen til Vg1 studiespesialiserande. Dei resterande tre timane skal vere ein del av treningsaktiviteten til eleven etter skuletid i idrettsgreiner der IL Høyang har trenarkompetanse.
Høyanger vgs tek på seg å utarbeide årsplanar, planlegge innhald i to av timane og sette karakter i faget. Det skal gjerast i samarbeid med ekstern trenar/idrettslag. Gruppene/ trenarane tek ansvar for å rettleie, følgje opp den enkelte elev på trening og signere treningsdagbok. Elev skal sjølv føre treningsdagbok.
Ved skulestart skal lærar ved Høyanger vgs møte aktuelle trenarar frå IL Høyang og presentere eit framlegg til årsplan i faget.
Tilbodet skal evaluerast og ev. justerast kvart år i desember og juni.

- Oppgradering av sentralidrettsanlegget

Idrettslaget har sendt brev til kommunen med oppmoding om at dei set fokus på sentralidrettsanlegget.
Anlegget treng sårt ei oppgradering.
Rundløpsbane. Her må grusen bytast ut med fast dekke. Eit sjølvdrenerande dekke over drensasfalt. I kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv står det at sentralidrettsanlegga er dimensjonert slik at ein kan arrangere meisterskap på regionplan. Dette meinar vi ikkje er mogeleg slik anlegget er pr.idag.
Fotballbane, kunstgras. Her treng ein nytt dekke når vi får nye tippemidlar. Dekket som ligg der i dag er svært slite og ujamt. Vi ser og at netta som skal hindre ballar i å forsvinne i elva er for lågt. Vi mister mykje ballar grunna dette. Her burde også vore laga ei tribune då mange kampar vert plassert på denne bana.
Stadion, gras. Her meinar IL Høyang at ein bør behalde graset slik at det vert eit fullverdig friidrettsanlegg. Ein bør også byggje tilhøyrande tribune med overbygg.
Vi ser og at det bør investerast i ei stadiontavle og speakerbu som kan vere ute permanent og som kan serve begge banene.På baksida av idrettshallen burde det vore plassert ein lagerhall/rubbhall til oppbevaring av

utstyr. Vi ser at når vi skal oppfylle krav til for eksempel minifotball må vi ha ein del utstyr som tek plass, og det er ikkje bra at dette står ute heile året.

- Sponsorkontrakter
Sponsorlotteriet som har vore i regi av fotballgruppa omfattar no alle grupper og medlemmer. Det vil bli trekning på ulike arrangement i dei ulike gruppene utover året. Det vert 15 trekningar i år.
Eit samla hovudstyret stemte for at alle skal delta i dugnaden med å selje kontrakter.

- Idrettsfest
Hovudstyret vil gjenoppta traisjon med idrettsfest. Planlagt i mars 2020.

- Ny web-side
Ny nettside oppe og går, bruk denne. Jon Arne Ytredal har lagt ned eit stort arbeid slik at denne er svært brukarvennlig. Mellom anna kan ein her reservere ein av bussane til turar. Viktig at gruppene brukar denne slik at vi får ei levande side.

- Ny lovnorm
På Idrettstinget 2019 ble det vedtatt ei rekkje endringer i NIFs regelverk som vil tre i kraft 1. januar 2020.

- Nytt anlegg til klatregruppa
Klatregruppa har jobba svært aktivt for å få i gang nye lokaler på kaia. Hovudstyret har hatt nokre møter med dei og hjelpt til med det ein har kunna.

Økonomien er bra og vi held oss innafor budsjettet. Det har vore ein auke i sponsorinntektene. Her har Svein Olav Aardal og Vidar Skår gjort ein god jobb.
Klatregruppa er installert i gamle ekspedisjonen på kaien og klare for og starte opp aktiviteten.
Vi er 8 grupper med til samen 920 medlemmer i laget.
Hovudfokuset er breiddeidrett der det skal vere rom for alle.

Hovudstyret til Idrettslaget Høyang ynskjer å takke alle medlemmar, sponsorar og samarbeidspartnarar.

Høyanger 27.februar 2020

Helge Øyehaug
Leiar

## 2. Saker styret har jobba med i 2019

- Kjøp av ny buss.
- Treningstider
- Samarbeid med Høyanger vidaregåande skule
- Oppgradering av sentralidrettsanlegget. Styret har sendt brev til kommunen.
- Sponsorkontrakter
- Idrettsfest
- Ny web side
- Ny lovnorm
- Nytt anlegg til klatregruppa

## 3. Styret sin kommentar

- Kjøp av ny buss.
Ny buss er innkjøpt, sikker transport og større kapasitet. VW Crafter til kr. 464 000,-. Dette er ein buss med same storleik og kapasitet som den andre. Om vi fjernar to seter kan den og få plass til rullestol. Noko større bagasjeplass.

- Treningstider.
I år hadde vi lite utfordring med å få treningstidene til å gå opp.

- Samarbeid med Høyanger vidaregåande skule
Høyanger vgs og IL Høyang har inngått eit samarbeid om programfag Breiddeidrett 1.
Tilbodet er primært for elevar som driv organisert idrett i regi av IL Høyang.
Tilbodet gjeld elevar ved Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram
Tilbod frå skuleåret 2019/2020 – avtale om samarbeid i 3 år.
Programfaget vert lagt ut som 5 timars fag, der to av desse timane vert haldne i skuletida, og er lagt inn i timeplanen til Vg1 studiespesialiserande. Dei resterande tre timane skal vere ein del av treningsaktiviteten til eleven etter skuletid i idrettsgreiner der IL Høyang har trenarkompetanse.
Høyanger vgs tek på seg å utarbeide årsplanar, planlegge innhald i to av timane og sette karakter i faget. Det skal gjerast i samarbeid med ekstern trenar/idrettslag. Gruppene/ trenarane tek ansvar for å rettleie, følgje opp den enkelte elev på trening og signere treningsdagbok. Elev skal sjølv føre treningsdagbok.
Ved skulestart skal lærar ved Høyanger vgs møte aktuelle trenarar frå IL Høyang og presentere eit framlegg til årsplan i faget.
Tilbodet skal evaluerast og ev. justerast kvart år i desember og juni.

- Oppgradering av sentralidrettsanlegget
Idrettslaget har sendt brev til kommunen med oppmoding om at dei set fokus på sentralidrettsanlegget.
Anlegget treng sårt ei oppgradering.
Rundløpsbane. Her må grusen bytast ut med fast dekke. Eit sjølvdrenerande dekke over drensasfalt. I kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv står det at sentralidrettsanlegga er dimensjonert slik at ein kan arrangere meisterskap på regionplan. Dette meinar vi ikkje er mogeleg slik anlegget er pr.idag.
Fotballbane, kunstgras. Her treng ein nytt dekke når vi får nye tippemidlar. Dekket som ligg der i dag er svært slite og ujamt. Vi ser og at netta som skal hindre ballar i å forsvinne i elva er for lågt. Vi mister mykje ballar grunna dette. Her burde også vore laga ei tribune då mange kampar vert plassert på denne bana.
Stadion, gras. Her meinar IL Høyang at ein bør behalde graset slik at det vert eit fullverdig friidrettsanlegg. Ein bør også byggje tilhøyrande tribune med overbygg.

Vi ser og at det bør investerast i ei stadiontavle og speakerbu som kan vere ute permanent og som kan serve begge banene.På baksida av idrettshallen burde det vore plassert ein lagerhall/rubbhall til oppbevaring av utstyr. Vi ser at når vi skal oppfylle krav til for eksempel minifotball må vi ha ein del utstyr som tek plass, og det er ikkje bra at dette står ute heile året.

- Sponsorkontrakter
Sponsorlotteriet som har vore i regi av fotballgruppa omfattar no alle grupper og medlemmer. Det vil bli trekning på ulike arrangement i dei ulike gruppene utover året. Det vert 15 trekningar i år.
Eit samla hovudstyret stemte for at alle skal delta i dugnaden med å selje kontrakter.

- Idrettsfest
Hovudstyret vil gjenoppta traisjon med idrettsfest. Planlagt i mars 2020.

- Ny web-side
Ny nettside oppe og går, bruk denne. Jon Arne Ytredal har lagt ned eit stort arbeid slik at denne er svært brukarvennlig. Mellom anna kan ein her reservere ein av bussane til turar. Viktig at gruppene brukar denne slik at vi får ei levande side.

- Ny lovnorm
På Idrettstinget 2019 ble det vedtatt ei rekkje endringer i NIFs regelverk som vil tre i kraft 1. januar 2020.

- Nytt anlegg til klatregruppa
Klatregruppa har jobba svært aktivt for å få i gang nye lokaler på kaia. Hovudstyret har hatt nokre møter med dei og hjelpt til med det ein har kunna.

Økonomien er bra og vi held oss innafor budsjettet. Det har vore ein auke i sponsorinntektene. Her har Svein Olav Aardal og Vidar Skår gjort ein god jobb.
Klatregruppa er installert i gamle ekspedisjonen på kaien og klare for og starte opp aktiviteten.
Vi er 8 grupper med til samen 920 medlemmer i laget.
Hovudfokuset er breiddeidrett der det skal vere rom for alle.

Hovudstyret til Idrettslaget Høyang ynskjer å takke alle medlemmar, sponsorar og samarbeidspartnarar.

Høyanger 27.februar 2020

Helge Øyehaug
Leiar

**Styret i IL Høyang Fotball sitt arbeid i 2019.**
Dette er styret i fotballgruppa 2019 .
Vi har vore 5 valde medlemmer;

Tore Ytredal, leiar
Trude Østerbø, styremedlem, Fair play ansvarleg, kontaktperson aldersbestemt
Sven Ove Råsberg, styremedlem, arrangementsansvarleg
Guro Sagen Knudsen, styremedlem.
Linn Jeanette Dønnem Selnes, styremedlem, arrangementsansvarleg

**Andre oppgåver:**
Sportsleg leiar:
Materialforvaltar: Idar Henning Måren
Arrangøransvarleg for senior 4.divisjon og 3.divisjon: Tore Ytredal og Sven Ove Råsberg
Ansvar for adels kalender: Odd Willy Knudsen
Facebook redaktør: Marianne Taule

**I tillegg har vi hatt:**

**Vi har gjennomført 10 styremøte i løpet av rekneskapsåret.**
I tillegg har leiar deltatt på møte/samlingar med hovudstyret, trenarforum, oppmannsmøte og dommarmøter. Sogndal fotball i Høyanger ,Kretstinget i Førde. Besøkte Sogn og Fjordane fotballkrets
Etter sesongen hadde vi oppsummeringsmøter med seniortrenerane/aldersbestemt

**Dommarsatsing:**
Vi har fortsatt eit stort problem innan dommarsida i klubben vår.
Styret har invitert medlemmar til å ta dommarkurs, men ingen har ville melde seg.
Likevel har sesongens heimekampar blitt gjennomført på ein god måte;
Gutte – og smågutte kampane har blitt leia av tidligare A-lagsspelarar: Svein Inge Bergset, Kjell Erik Olsen og Miguel Maureira.
Resten av kampane har gutte- og smågutte spelerane tatt seg av!!
Vi gjennomførte eit lite privat dommarkurs med Geir Helge Alrek før sesongen starta, og dei unge dommerane har gjennomført kampane med glans.
Takk for innsatsen alle saman!!

## Sportslege prestasjonar 2019:

**A-lag Herrar 4.div 2019**

**ANSVARLEGE 2019 :**

Hovudtrenar : Leif Arne Tveit
Hjelpetrenar/Spelarutviklar : Miguel Maureira
Keepertrenar/Spelarutviklar : Mauricio Hernandez
Lagleder/ oppmenn : Einar Giil, Frode Fossen, Rune Breidvik (takk for veldig bra jobb. Vi trenarar har fått fokusert på det sportslege!)
Andre som har bidratt rundt laget i år er : Audun Rørvik, Odd Willy Knudsen.
Takk og til Svein Inge Bergset og Kjell Tore Våge som har hjelp oss på enkelte treningar. Vil takke alle sjåførane som stiller opp gang etter gang, og køyrer oss på bortekampane.
Takk og til Idar Henning Måren som har vore veldig behjelpeleg med utstyr etc.
Takk til fotballstyret, og til andre som har bidrege rundt laget denne sesongen.

**OPPSUMMERING, FRAM TIL SERIESTART :**

Da var sesongen 2019 i Kretsligaen historie. Vi enda til slutt på ein respektabel 8. plass. Litt færre poeng enn vi hadde som målsetting i gruppa vår, men eg vil likevel påstå at det har vore ein vellykka sesong.
Dette med tanke på at vi er nyopprykka, og før sesongen mista viktige spelarar i Mads Loftesnes (kaptein i fjor), Tommy Værøy (årets spelar i 2016/2017), Andreas H. Berge og Edin Agovic. Det blei heller ikkje comeback på Sverre Dingsøyr, Eirik Haukøy eller Sigve Norevik, slik som vi håpa på. Spelarar som ville gitt oss langt meir rutine i laget.
Til å erstatte desse har vi brukt guttespelarar, og vi avslutta sesongen med 10 guttespelar i a-troppen! I siste kampen i år var Joakim S. Måren vår eldste spelar med 22 år.
Etter opprykket i fjor valgte vi å sei nei til vinterserien for junior. Dette for å gi spelarane ein liten pust i bakken. Eg trur dette var eit smart trekk, og vil anbefale trenarteamet til neste år, å gjere det same. Guttelaget har kampar opp mot november, og Futsal inne i november/desember, trur eg er ei grei avkobling.
Vi hadde oppstartsmøte / spelarmøte 21. november 2018 med planar for sesongen 2019. Derifra og fram til jul hadde vi kondisjon / basis / innetreningar. Skikkelig oppstart ute var 2. januar.
På samme måte som i 2018 køyrte vi 1 basistrening, og 3 fotballtreninger i veka fram til mars. I perioden før seriestart køyrte vi 4 fotballtreninger. Guttespelarane hadde i heile perioden 1 trening med guttelaget i tillegg.
Vi gjennomførte 8 treningskamper med ok resultat. Vi prioriterte å gi alle spelarane i troppen ein god del speletid. Resultata var likevel bra.
Når vi fekk terminlista låg det i korta at det kunne bli lite med poeng i starten. Lag som Førde, Eid, Årdal og Stryn (i 4 av dei 5 første rundane), var alle tippa til å være i toppen. (Dei blei alle topp 5).

**OPPSUMMERING, KAMPSESONGEN :**

Etter bra resultat i treningskampane, og bra treningsoppmøte / bra treningar var vi optimistar når vi gjekk til seriestart 27. april, borte mot Førde. Som sagt viste vi at det blei tøffe kampar i starten av sesongen, men 0-1 mot Førde og 1-1 heime mot Eid var uansett ein oppløftande start. Vi vant og den viktige 3. runde kampen mot Syril.
Etter kvart blei vårsesongen litt lik vårsesongen i 2018. Vi starta bra, men eg følte vi datt litt nedpå utover i mai/juni. Spesielt var det skuffande med tap borte mot Dale og Bremanger. Jamne kampar der eg var meir skuffa over prestasjonen enn resultatet!
Etter halvspelt serie hadde vi 10 poeng og var med i nedrykkskampen.
På same måte som i fjor trente vi godt på sommaren. Vi mista Thomas Dyrrdal pga husbygging/jobb, og Navdar Omar var og ute i starten av haustsesongen (heldigvis kom han tilbake).
Med så «tynn/ung» tropp var vi litt usikre på korleis dette skulle bli utover, og vi starta og haustsesongen svært dårlig. Ein elendig kamp heime mot Førde (0-3) blei etterfulgt av eit pinlig tap på Eid, 1-9. Vi var langt unna det vi meinte vi burde, og det blei litt oppvask på trening veka etter.
Vendepunktet kom på sett og viss kampen etter. Eit forsterka Syril lag med 3 nye spelarar frå Fjøra, og fornya optimisme, møtte oss på Sletta 16. august. Vi med dårlige opplevelsar bak oss klinka til med årsbeste og 7-2. Sjeldan har eg vore meir imponert over ei spelargruppe. Da fekk vi virkelig sett kva som bur i gruppa.
Etter den kampen tapte vi knapt mot Årdal heime og Stryn borte, men eg følte likevel at vi såg vesentlig betre ut. Kampane mot Dale er viktig for folk i Høyanger, og 6-0 heime mot Dale var vel kanskje årets høgdepunkt. Deretter var det egentlig ganske bra resten av sesongen, men vi fant aldri heilt ut av det på bortebane i år.
Siste seriekampen mot Studentspretten var uansett eit lyspunkt på bortebane. 1-1 mot laget som vart nr. 4 var sterkt. Spelemessig var vi da fullt på høgde mot eit lag som kjempa for cup-plass, og som stilte toppa lag.
Vi hadde i denne siste kampen 4 guttespelarar fra start, og eldstemann på laget var Joakim S. Måren (22 år).
Dette er ein ung spennande gjeng som Høyang forhåpentlegvis vil få glede av i mange år framover.
Som sagt føler eg at vi har hatt god progresjon i år, og kanskje var prestasjonen i år totalt sett, betre enn i fjor.
At vi fant ut av ting offansivt utover haustsesongen indikerer 13 scora mål i vårsesongen, mot 27 scora mål i haustsesongen!
Spelarane tok og tak iht mykje gule kort i vårsesongen. Og 24 gule i vårsesongen, blei til 14 gule i haustsesongen. Så heldigvis blei det ikkje altfor mange karantener denne sesongen.
Til slutt vil eg også i år skryte av treningsgruppa. Spelarane har også denne sesongen vore heilt einestående. Frå dag ein har dei vore «på», og sjeldan har eg vore borti ei gruppa som jobbar så hardt på trening og i kamp, som denne gjengen her.
Takk og til Miguel og Mauricio for veldig godt samarbeid i 2 år. Miguel har nesten ikkje stått over ei trening, og visar ein fantastisk innstilling til «jobben». Til og med når han har vore på nattskift og vi har tidlig trening på lørdag, stiller han opp. Einestående!



(Det er mange år sidan Høyang og Førde har vore i same divisjon. Her frå heimekampen 3. august, Jakob Rømo)

**A-lag Dame – 4. divisjon i 2019 7 ar   Kretsmester**

Guro Sagen Knudsen og Linn Jeanette Dønnum Selnes har hatt hovudansvaret for Damelaget i 2019.
Lagleiarfunksjonen har jentene tatt seg av sjølv,.
Sportsleg har laget vært suveren  i 4 divisjon. Det har vore ein god «giv» i laget .
Utfordringa framover er å rekruttere nye spelarar!!
Vi takkar trenarar og støtteapparat for vel utført jobb.



**6.divisjon – Høyang 2**

Det vart ein ny sesong med 6.divisjon og det er fortsatt eit populært tiltak☺. Robert Aven og Thomas Tonning har hatt ansvaret for Høyang 2 i år.

Helge Øyehaug har vore lagleiar.

På laget har det vore ei fin blanding av spelarar som mangla anna kamptilbod;

- spelarar som er for gamle for guttefotball og som ikkje vert tatt opp i A-lagsstallen
- spelarar som får lite speletid på A-laget
- spelarar som har «trappa ned» eller for andre grunnar ikkje kjem med i A-lagsstallen

Eit breiddelag for vaksne med andre ord.

Laget har hatt eit godt samarbeid med A-laget, og ein gong iblant har spelarar som har vore ute med skade, fått prøve seg på 6.divisjon, før dei entrar bana i 4.divisjon igjen.

Nokre guttespelarar har også fått prøve seg.

Laget har utmerka seg med godt frammøte på treningane og godt miljø

All ære til trenarar, støtteapparat og spelerane for vel utført innsats.



Årets lagspelar i 6.divisjon; Robert Aven.

**Aldersbestemt fotball:**
G13 og G19 deltok i sluttspelet på Sandane utan å kome i semifinaler.

**IL Høyang stilte med desse laga i seriespel i sesongen 2019:**




**Sesongen starta med KICK-OFF for aldersbestemt 6.april**

**Guttelaget:**
**Trenar: Audun Rørvik.**
**Lagleder: Sven ove Råsberg**
**Guttelaget vart avd mester i 2 div**

**Jentelaget 15/17**
**Trenar: Kai Ove Nesse**
**Lagleder: Mariann B.Solbakken**

**Smågutar:**
**Trenar: Anja Pettersen og Thomas Frichsen**
**Lagleder: Linda sagerøy Solaas**

**Småjenter:**
**Trenar: Kjell Erik Olsen,Malin Fjæren**
**Lagleder: Tone Austerheim og Odd Ivar Klævold**

**Lillegutar (G12):**
**Trenar: Erlend Skreien**
**Lagleder: Else-britt Nese**

**Lillejenter (J12):**
**Trenar: Leif Arne Tveit**
**Lagleder: Anita Sæle**

**Lillegutar (G11)**
**Trenar : Tore Ytredal og Liss Midtbø**
**Lagleder: Liss Midtbø**

**Lillegutar (G10):**
**Trenar og lagleder: Vibeke Svedal**

G10 - SESONGEN 2019
SESONGEN 2019 SPILTE G10 SIN FØRSTE SESONG I 7-ER FOTBALL. DEI ER EIN LITEN GJENG SOM ER IVRIGE PÅ TRENINGANE OG DEI HAR HATT STOR FRAMGANG GJENNOM SESONGEN.
VÅRSESONGEN STARTA MED NOKRE SEIERAR OG NOKRE TAP.
I JUNI REISTE DEI PÅ SIN FØRSTE CUP - LERUM CUP. DETTE VAR EI NY OPPLEVING FOR GUTTANE. DEI STORKOSA SEG, SPILTE MYKJE FOTBALL OG HADDE DET VELDIG KJEKT ILAG. RESULTATMESSIG VART DET BÅDE SEIER OG TAP.
I HØSTSESONGEN SPILTE VI BARE MOT FØRDELAG, MEN SJØLV OM DET VART MANGE FØRDETURAR OG EIN DEL TAP, STOD GUTTANE PÅ OG HOLDT HUMØRET OPPE. RESULTATA VART BETRE OG BETRE UTOVER HØSTEN OG NOKRE SEIERAR VART DET ÒG.
PÅ SEINHØSTEN/VINTEREN DELTOK G10 PÅ SINE FØRSTE FUTSALTURNERINGAR DER DEI HADDE FLEIRE GODE RESULTAT.
NÅ SER EG FRAM TIL EIN NY SESONG MED DENNE KJEKKE GJENGEN.
VIBEKE

Tusen takk for vel utført arbeid alle saman!!

# SUEN PRISEN 2019




### ER TILDELT

# BENJAMIN VÅGEN

### FORDI HAN HAR:

- GODT HUMØR OG MØTER ALLTID OPP OG SØRGER FOR SMIL, HUMOR OG GODT TRENINGSMILJØ
- VILJE TIL Å STÅ PÅ OG ARBEIDE HARDT OVER FLEIRE ÅR
- TRENT MANGE TIMAR OG GJENNOMFØRT MANGE TRENINGAR

## DETTE ER EIGENSKAPER SUEN MEINTE VAR VIKTIGE FOR EIN FOTBALLSPELAR




16.november hadde vi tradisjonell avslutning for dei aldersbestemte laga.
Trenerane sa nokre ord om sesongen for sine lag og
vi hadde quiz og gratislotteri med flotte premiar.
Hovudpremien var ei signert Sogndal-drakt frå Even Hovland.
Til slutt blei det servert pizza og saft.

**Romjulscup for store og små:**
Også i år arrangerte vi to «romjulscupar»; ein for aldersbestemt (opp til og med 15 år) og ein for vaksne (frå og med 15 år). I år vart begge turneringane arrangert på same dag, og hovudansvarleg for gjennomføringa var fotballstyre og HVGS».
Om lag 50 barn var i sving. Laga var delt inn med tanke på å gjere dei så jamne som mogleg. Fokus er speletid og god aktivitet mellom all julekosen☺.

I voksen turneringa var 10 lag påmeldt, litt mindre enn vanleg. Alvoret var likevel like alvorleg som før. Det var full innsats frå første stund med spelarar i aldersspennet 15 til 60.




**Avslutning:**
Vil til slutt nytte høvet til å takke alle trenarar, leiarar, dommarar, støttespelarar og styremedlemmer i gruppa for god innsats i 2019. Håper at De alle saman går på eit nytt år!

Til dei som vil ha ein fortent pause frå fotballarbeid, vil vi seie;
" Tusen takk for innsatsen, velkomen attende ved eit seinare høve".

Høyanger, 20.02.20.

Tore Ytredal
Leiar

Sven Ove Råsberg
Styremedlem

Trude Østerbø
Styremedlem

Guro Sagen Knudsen
Styremedlem

Linn Jeanette Dønnum Selnes
Styremedlem

# Årsmelding for IL Høyang Klatregruppe 2019

## Styre:

Nåværende styre i klubben:

| | |
|---|---|
| Robert Breidvik | Leder |
| Ole Johan Torsnes | Nestleder |
| Sandra H Kalstad | Kasserer |
| Arvid Lønne | Styremedlem |
| Anders Moritsgård. | Styremedlem |
| Sjur Håvard Øygaard | Styremedlem |

## Status:

Klubben har ikke hatt åpent som følge av manglende brannkrav til rømningsvei og lekkasje fra tak.

For å få dette til må det monteres rømningstiger og lage nåværende inngang til brann celle.

Kommunen satte i gang arbeidet sommer/høst 2019, og forventes ferdig OG klart til åpning medio jan/feb 2020.

Byget har fått:

- Nytt tak
- Nye toalett og bøttekott
- Ny vannledning inn i bygg
- Nytt spongulv og gulvbelegg i buldrerommet
- Ny varmepumpe
- Nytt elektrisk
- Ny inngangsdør
- Adgangssystem (nøkkelbrikker)
- Ny oppusset trappeoppgang(branncelle)
- Galleri på loft, gang og korridor i 2etg er ny oppusset

Kommunen og entreprenør har gjort en fantastisk jobb!! Klatregruppa ser virkelig frem til å ta i bruk det nyoppussa lokalet.

Klatreklubben har i samme periode utført følgende:

- Skrudd ned alle klatregrep
- Rengjort klatrevegg og malt vegg på nytt
- Ryddet og støvsugd bak klatrevegg
- Forsterket klatrevegg med fleire avstivinger
- Vasket alle klatregrep og sortert på farge
- Holdt rutesetterkurs i regi av NKF
- Skrudd opp nye ruter i fargekoder etter graderingssystem
- Fått bestilt nye klatregrep ved hjelp av egenandel og støtte på 7500kr fra Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Fått bestilt og montert ny topp duk etter støtte fra hovedlaget IL Høyang
- Utarbeid HMS system for klatregruppa

## **Videre:**

Jobben framover blir å få opp medlemstallet og aktivt jobbe med rekruttering til klatregruppa. Hoved prioritet i 2020 er og få god drift å gi best mulig tilbud for medlemmer. Vi får også besøk av en klubb utvikler fra NKF som skal hjelpe oss i gang, og komme med innspill på hva vi bør gjøre videre. Vi har også en del investeringer fremover.

I 2020 blir følgende innvesteringer prioritert:

- Innkjøp av klatresko for utleie
- Treningsmatter, slynger og manualer til forebygging av skader
- Industri støvsuger
- Utstyr for rutesetting (batteridrill, muttertrekker, bits osv)

## **Vedlegg:**

- Sakliste
- Framlegg til budsjett
- Forslag til valg

Styret IL Høyang Klatregruppe

Anders Moritsgård

Sandra Kalstad

# Årsmelding il Høyang innebandy:

## Styret:

Leiar: Marius Lillehauge

Nestleiar: Tor Aleksander Dale

Styremedlem: Jarand Olsen

Styremedlem: Lars Petter Sneve

Styremedlem: Tormod Rye

Styremedlem: Katrine Nyland Tonning

Kasserer: Isak Menes

## Foreslått nytt styre:

Leiar: Marius Vikum Lillehauge

Nestleder: Tor Aleksander Dale

Styremedlem: Jarand Olsen

Styremedlem: Tormod Rye

Styremedlem: Katrine Nyland Tonning

Kasserer/Styremedlem: Lars Petter Sneve



Kort info om sesongen:

Denne sesongen har innebandygruppa fokusert mykje på dei minste aldersgruppene.

Vi har hatt 1 dag i uka der vi har hatt 1-4 klasse på starten av dagen, og junior (5-10 klasse) på slutten. På det beste har vi hatt 30-40 stk i 1-4 klasse og rundt 10 stk i 5-10 klasse.

Vi har også hatt en felles turnering for jr og sr, der vi hadde 12 lag påmeldt og over 70 stk til sammen med publikum og påmeldte lag. Turneringa var veldig fint gjennomført, med god hjelp fra alle fra innebandy gruppa.

Premien var høyang luer, som var sponsa av sporten.

Sesong for senior har det ikkje blitt pga oppløsing i seriespille, men både jr og sr spilte en treningskamp mot førde.

## Målsetting for sesongen 2019/20

- Rekruttere fleire juniorer i alle aldrer til å delta på trening, i tillegg til, etter hvert, kamper.

- Fortsette med treninger for barn på småsteget på skulen, i tillegg til å holde på dei juniorane vi har på ungdomskulen.

- Få til seriespill/turnering for junior.

- Få til en sesong for senior.

# Oppsummering av sesongen 2018/19

## Mål for 2018/19 sesongen

- Rekruttere fleire juniorer til å være med på kamp og trening, samtidig som vi motiverer dei til å fortsette å være med i lengre tid

- Holde treninger for barn i dei yngste stega på skulen.

- Senior delta i organsiert seriespel og bli det beste laget i eige fylke.

- Junior delta i seriespel/ turnering, der målet er å få inn kamptrening mot andre lag, i tillegg til å få erfaring, å få juniorlaget skikkelig i gang i Høyanger.

## Gjennomføring:

1. Vi har vært veldig flinke til å rekruttere junior til treninger. Vi har fokusert og tilrettelagt veldig bra, og har også merket stor forskjell i jr klassane fra forrige sesong. Dessverre har det blitt lite med kamper pga lite aktivitet hos andre lag. Men vi har hatt en turnering der junior også deltok.

2. Vi har klart å rekruttere veldig mange i dei yngste stega, og har også fått en dag i uka der vi har trening for dei yngste, i tillegg til dei eldste juniorene.

4. Vi har heller ikkje klart å få til seriespel for junior, men vi har som nevnt tidlegere, hatt en turnering der både jr og sr var involvert.

Ser fram til en ny sesong der det store målet er å få både junior og senior inn i organisert seriespel, og selfølgelig også konkurrere om å bli best i fylket.

**Leiar IL Høyang innebandy:**

**Marius Vikum Lillehauge**

**Signaturer til gruppa:**

Tor Aleksander H. Dale
Tormod Rye
Marius Lillehauge
Jarand V. Olsen
Lars B. Snæve
Katrine Tanning

# ÅRSMELDING 2019, FRIIDRETTSGRUPPA, IL HØYANG

## Styremedlemer i friidrettsgruppa 2019:

Anne Sissel Nordeide, leiar

Erlend Skreien, sekretær/nettansvarleg

Lidvar Berge, kasserar

Odd Arild Løseth

Synne Nessestrand Vefring

## Treningsaktivitetar

Friidrettsgruppa har hatt basistrening i 2019.

Basistreningstilbodet har vore i Høyangerhallen på kveldstid på måndagar og onsdagar. Erlend Skreien har vore hovudansvarleg for treningane.

Basistrening er eit tilbod til ungdom og vaksne. Styrke-, bevegelses- og kondisjonsøvingar er sentrale delar av tilbodet, men innhaldet kan i noko grad tilpassast behovet til den enkelte deltakar. Friidrettsgruppa registrerer at basistreningstilbodet er eit svært populært tilbod som bidrar i treningsarbeidet til idrettsutøvarar og for å fremje folkehelsa til innbyggjarane i kommunen.

## Arrangement

Gøyanger avslutta si rolle i trappeløpet i 2018. IL Høyang, friidrettsgruppa, var difor hovudarrangør av det tradisjonsrike løpet i 2019, men hadde god hjelp av OnCue, engasjert av Høyanger Næringsutvikling, som tok på seg fleire oppgåver for å avlaste idrettslaget.

Trappeløpet 2019 hadde, som tidlegare år, ein trimklasse og ein konkurranseklasse. Det var omtrent like mange deltakarar i konkurranseklassa som før, men lokale deltakarar i både trimklassa og konkurranseklassa låg på eit lågare nivå enn tidlegare år.

Det var 44 startande i konkurranseklassa og 76 i trimklassa. Det var premiering til alle som deltok i trimklassa. I konkurranseklassa var det inndelt etter tidlegare mal på aldersklassar, beste løypetid kvinner og menn og eventuell ny løyperekord.

På toppen av løypa fekk deltakarane utdelt vatn. Høyanger kommune hadde rebus ned Fjellvegen slik dei har hatt dei siste åra.

## Møteaktivitet

Friidrettsgruppa har hatt møte etter behov.

## Utviklingsmål

Når det gjeld friidrettsgruppa sitt mål viser årsmeldinga for 2019 til årsmeldinga for 2018: «Friidrettsgruppa arbeider enno for å realisere oppgradering av det eksisterande friidrettsanlegget til eit fullverdig friidrettsanlegg på sentralidrettsanlegget i Høyanger. Det var gledeleg at Høyanger kommunestyre, i desember 2017, vedtok å framskunde løyving til forprosjekt for nytt kunststoffdekke på løpebana frå 2020 til 2018. Det skjedde ikkje noko i 2018, men ifølgje ordførar Petter Sortland er løyvingane enno aktuelle og friidrettsgruppa set sin lit til at desse midlane blir brukte i tråd med vedtaket av desember 2017 sjølv om dette skjer litt seinare enn venta. Styret i IL Høyang støttar enno friidrettsgruppa sitt ynske om å etablere eit fullverdig utandørs friidrettsanlegg i Høyanger».

Det er positivt at IL Høyang støttar opp om friidrettsgruppa sitt mål. Vi håper dette kan bidra til at friidrettsgruppa kan få fasilitetar som gjer det mogleg å drive friidrett i Høyanger. Det er frustrerande å oppleve at det trass i vedtak og lovnader hittil ikkje har skjedd noko konkret med omsyn til at Høyanger får eit friidrettsanlegg.

Høyanger, 09. mars 2020

---------------------------------------------
Erlend Skreien, sekretær/nettansvarleg

---------------------------------------------
Lidvar Berge, kasserar

---------------------------------------------
Odd Arild Løseth

---------------------------------------------
Synne Nessestrand Vefring

---------------------------------------------
Anne Sissel Nordeide, leiar

# IL HØYANG - KARATEKLUBB
# Årsmelding for 2019

**Styret for 2019 :**
Leiar og sekretær Heidi Andrea Kleiven
Kasserar Heidi Andrea Kleiven
Styremedlem og trenar Michael Brant
Styremedlem Jarle Berge
Styremedlem Kristina Solvorn
Styremedlem Tage Grønvold

**Saker:**
Styret har hatt to styremøte i 2019. I tillegg fleire korte møter etter trening der aktuelle saker vart tekne opp.
Saker som vart tekne opp:
Rekruttering av nye medlem, organisering av trening, marknadsføring, deltaking på stemne.

**Medlemstal:**
Ca. 30 medlem.

**Særforbund:**
Høyanger Karategruppe og medlem er innmeldt i Norges Kampsportforbund (NKF).
Klubbkontingenten skal dekke medlemskap i forbundet og forsikring.
Høyanger Karategruppe er også medlem i NIF og NKF's kampsportkrets/Hordaland Idrettskrets (Kampsport Vest), som også omfattar kampsportklubbar i Sogn og Fjordane.

**Gradering:**
Til sommaren og hausten 2019 var det gradering der stort sett alle som deltok fekk ny farge på belta sine. Klubben har 5 medlem med brunt belte og eitt medlem med svart belte.
Hovudtrenaren har 1. Dan (svart belte).

**Aktivitet:**

- Medlemstalet blant dei vaksne har stagnert. Oppslutnaden frå dei yngste er større.
- Michael er hovudtrenar og dei vaksne fungerer som hjelpetrenarar eller reservetrenarar.
- Høyanger Karateklubb har fått fleire invitasjonar til deltaking både på junior og senior kampar frå ulike kamparrangørar i Noreg.
- I 2019 har Høyanger Karateklubb kunne hente ein del gode plasseringar i konkurransar i Stavanger og i Bergen. Det er vi veldig stolt av.

**Deltaking i hovudstyret i IL Høyanger:**
Karategruppa har vore representert i styret med leiar/sekretær i karategruppa Heidi Andrea Poersch Kleiven.

Høyanger Karategruppe takkar alle medlem og samarbeidspartnarar for eit godt år i 2019 og ser fram til å kunne halde fram òg i framtida.

Nessane, 04.03.2020

Heidi Andrea Poersch Kleiven
Leiar



**IL HØYANG TURNGRUPPA**

**ÅRSMELDING 2019**

Styret: Leiar: Elisabeth Sæbø

Nestleiar: Frank Solvorn

Kasserar: Kari Anne Aaland

Styremedlem: Vibeke Svedal

Styremedlem: Marita Tonning, Webansvarleg

Sekretær: Toril Sværen

**Aktivitetar i gruppa**

**Aerobic:** 1 gonger i veka, trenar: Stine Bauman.

**Turndans: 1.-2. klasse:** Trenar : Vibeke Svedal og Kristin Sande. 16 stk.

**Turndans: 3.-6. klasse:** Trenar Isabella Fjetland. 10 stk.

**Turndans: 7.-10. klasse:** Trenarar: Ane Dina Sæbø Nesse og Amalie Fredriksen. 6 stk.

**Turn/Tumbling: 1. partiet: nybegynnarar. 35 stk.**

Hovudtrenar: Lise Marie Dønnem & Ane Dina Sæbø Nesse

Trenarar: Marita Myklebust Tonning, Aleksander Myklebust Tonning, Steffen Luggenes, Lindis Hilde & Stine Hetle Berge

**Turn/Tumbling: 2. partiet: Vidarekomne. 34 stk.**

Hovud trenarar: Frank Solvorn

Trenar :Lise Marie Dønnem, Linda Lund Stølen, Kristina Solvorn, Bjørnar Solvorn, Ane Dina Sæbø Nesse, Elisabeth Sæbø(vikar trenar )

**Kurs/Trenaropplæring:** Trampet sikringskurs: 6.-7. jan. Linda har delteke på Sandane.

**Framsyningar**

Den 06.og 07. april reiste vi til Deknepollen på turnstemne. Vi leigde buss, og overnatta på skulen der. Det var eit flott stemne, og utøvarane representerte Høyanger IL på ein fin måte.

Framsyning for foreldre og slektningar i Høyangerhallen den 27.04. Ei flott framsyning med full tribune. Vi arrangerte og kafe, og fekk der inntekter til laget.

Dugnad : Vi var nattevakt på eit arrangement på skulen, 4000.- i intekt. Har og fått inntekter frå flaskepanting organisert av Fran Solvorn

Leiar Elisabeth har søkt midlar får Sparebank stiftinga, og fekk tilskot på kr 10,000 kr til innkjøp av utstyr.

Styrevedtak på trenargodtgjersle: Vi betalar ut ein fast sum på trenargodtgjersle for å motivere , og rekruttere til at vi opprettheIder trenarpoolen vår.

IL Høyang fekk bonus frå UMBRO. Turngruppa var blant dei prioriterte. Vi valde å gå til innkjøp av nye I L Høyang dressar .

Andre aktivitetar: Styremøte: 5 stk.

Trenarmøte: 4 stk.

Den 14.06. vart det arrangert avslutningsfest for sesongen for trenarar og styret. Dette var hjå Frank og Kristina. Ein festlig kveld.

**Planar for året 2020:**

Turnstemne i Stryn og framsyning i Høyanger hallen i mai.

Leiar for Turngruppa er på val i 2020. Styret må jobbe med ny kandidat for vervet. Leiar Elisabeth Sæbø stille ikkje til ny val som leiar. Men kan stille som styremedlem i gruppa.

For IL Høyang turngruppa,

Toril Sværen

Sekretær.

5/3-2020

Styreleiar Elisabeth Sæbø

Vibeke Sædal

Frank S[illegible]

Toril Sværen

Marita H Tonning

# Årsmelding IL Høyang Handballgruppa 2019.

**Styrets sammensetting.**

**Leiar : Vidar Fredriksen.**
**Sportslig leiar: Vidar Fredriksen.**
**Dommerkontakt: Vidar Fredriksen.**
**Kasserer: Ove Hellem.**
**Ansvar mini: Silje Marie Litzheim Martinsen.**
**Dugnadsansvarlig: Rita Marie Nygård Eldevik.**

Vi har i håndballen hatt et fint og travelt år, med turneringer, seriespill i flere årsklasser på både gutter og jenter siden. Årsklassene på guttesiden var fra 6 år til 12 år.
På jentesiden har vi hatt årsklasser fra 6 år til 15 år.
Vi har stort sett hatt samme antall spillere dette året som i 2018.

Vi hevder oss godt sportslig sett i alle klasser vi har, noen kull er større enn, som og er normalt da antallet barn endrer seg og da på årsbasis.
Vi har i år hatt flere turneringer for aldersklassene 6 til 10 år, og gruppa får kjempe skussmål fra andre klubber, når det gjelder opplegg rundt og arrangering av turneringene. Både sosialt og sportslig.

Vi markerer oss også i di eldre klassene med flere spillere i tiltak for spillere som er talenter innenfor vår idrett.

Vi kommer til og jobbe knallhardt videre for at alle som vil spille håndball i Høyanger ,skal få lov til det.

Vi håper neste sesong at vi skal få til 1 ekstra guttelag og på jentesiden enten 1 j 16 eventuelt 1 j 17-20 eller et damelag.
Vi kommer til å jobbe og for at tirsdag og torsdag blir handball treningsdager, neste sesong.

En utfordring som vi har jobbet litt med er spillere som ikkje får tilbod i vår klubb som vi syns er synd. Dette har vi denne sesongen løst ved at dei får spille i klubber i vår nærhet. Vi har i år hatt spillere i Dale il og i Gaular il. Men vi som klubb ønsker at alle som vil skal kunne spille håndball i Høyanger.

Når det gjelder treningstider er dette fremdeles en stor utfordring, under barneidretten der dei laveste klassene er har dette bydd på store utfordringer denne sesongen, også som tidligere. Dette gjelder og i dei aldersbestemte klassene, men detter ligger da i det med kapasitet i hall. Handballgruppa kommer med forslag som kan bedre dette noe, ved å gjøre enkle grep. Uansett så ser vi i håndballen at en større hall er det beste alternativet for at vi skal kunne holde opp all aktivitet som skal være i hall, slik at vi alle får riktige treningsforhold til utvikling.

Styret har denne sesongen hatt jevnlige styremøter både digitalt og ordinære møter.

Styret vil takke alle som er med i håndballen, fra både trenerer og ande som får dette til å gå rundt.

**Sportslig leder:**
Utfordringer i håndballen i Høyanger.
Vi ser som alle andre, at det blir færre barn i Høyanger, og da ungdommer.
Som idrettslag , må vi da bli flinkere å samarbeide om di aktive istedenfor at vi skal slåst om di.
Eg trur fremdeles at vi har mange unge som ikkje driver med flere idretter er at det for mange blir for dyrt for mange familier.
Når det gjelder treningstider er dette sånn som eg ser det, full krise. Når eg ser bare på min egen idrett havner alle lag i kritisk rød sone på treningstid.
Her har vi en jobb å gjøre. Her burde det jobbes hardere med at vi hadde enten fått økt hall kapasitet eller at vi hadde funne andre løsninger som kunne gjort at idretter som trenger full hall og takhøyde hadde fått mere treningstid i hall.
Er klart at detet har blitt og mye vanskligere denne sesongen ,når vi alle skal ta hensyn til skulemusikk, og at vi alle slåst om di samme treningstidene. Til neste sesong vil enda flere årsklasser ha treningstid utenfor barneidrettskulen.
Til neste år vil vi øke mengde trening for alle våres årsklasser til minimum 2 timer i uka.
Vi ser at det til tider er alt for lite håndball med i treningen til di yngste. Her vil det komme store forandringer til neste år ved at vi har egen sportslig kordinator og for di minste.

**Litt om lagene vi har hatt denne sesongen.**

**J6/7**
**Trener Marie Fredriksen Grønvold.**
**J 6.**
En fin liten jentegjeng som snart er ferdig med sin første håndballsesong. Denne sesongen har gått bra for jentene, og de blir bedre og bedre for hver turnering. Treningene er prøver vi å gjøre gøy og varierende. Eg som trener er veldig stolt over jentene.
**J7.**
En fin liten jentegjeng som er på sitt andre år. Eg blir helt imponert over innsatsen deres, for de har forbedret seg masse denne sesongen. Jentene trener sammen og jobber godt ilag. De eldste hjelper og masse ,når di yngste trenger hjelp. Stolt trener.

**Gutter 6.**
**Trener Amalie Måredal.**
Dette er en super gjeng gutter,som alltid er ivrige og klare for å leike, og lære nye ting. Siden starten ahr dei utvikla seg kjempemasse, og blitt kjempeflinke. En super guttegjeng, som en alltid får et smil rundt munnen av og være med.

**Gutter 7.**
**Trener Natalie Ardal.**
En liten men fin gjeng som er treningsvillige og liker å lære. Jobber godt sammen og med årsklassen under.
**Gutter /Jenter 8 år.**
Jentene er en del flere enn guttene,disse trener sammen, noe som ser ut til å fungere veldig bra hvertfall til tider. Det er godt humør i gruppene og er ivrige til å lære nye ting.

**Jenter 9/10.**

**Trener Siv Ølmheim**

Denna sesongen har j 09 og j 10 trent ilag.
Detta har fungert veldig godt og har vert viktig i forhold til at j 09 hjelper j 10 slik at dei kan spille j 10 serien.
Alle jente 09 får spille j 10. Eg har laga ein rullering plan slik at alle som ønsker får delta 😊
Eg har med jenter både fra Vadheim og Kyrkjebø. Jentene kjenner kvarandre godt no, er trygge på kvarandre og da er det lettare å bygge på handball forståelse og utvikling👍
I år har fokuset vert på ulike reglar, ball kontroll og mykje på pådrag viderespill, lagspill.
Har og jobba med forsvars øvelser med fokus på sidelengs og det å jobbe inn og ut

Jentene har lært to fots finte, skudd finte, hopp skudd, steg skudd.
Ulike kast der fokuset har vert å få til høg arm.
Jentene er veldig lærevillige, motiverte, glade, og inkluderende på trening 👍👍👍. Stor framgang på jentene og eg ønsker forsatt å vere trener for dei kommande sesong. Me kjem til å trene etter sesongslutt etter ønske fra foreldre og barn. Dette er frivillig og skal sjølvsagt ikkje gå utover andre sesong idretter. Neste sesong ønsker eg trening to gonger i veka på 1t 30 min. Tirsdag og Torsdag.

**Gutter 10.**

**Trenere Marie og Elise.**

En fin guttegjeng som står på og gjør sitt beste. Dei blir bedre og bedre for hver kamp, og det er kjekt for oss trenere å følge utviklingen di har. Vi har det ofte gøy ilag og gutta liker når trenerene er med på treningane, spesielt når det spilles. Guttane er fast 13 -14 stk på treningane. Satser på at alle forsetter til neste år. Da eventuelt 1 gutter 10 og, og 1 gutter 11.

**Gutter 12.**

**Trenere . Patrick og Vidar.**

**Lagledere. Aina, Renate og Rita.**

Guttane har i år hvert ca 10-11 stk på trening.

Siden vi i år har hatt litt mangel på trenere, så ahr vi løst dette med at gutta har blitt trent av Patrick og Vidar. Og hatt Aina, Renate og Rita som lagledere og har da hatt ansvaret på kampene. Dette har fungert flott. Guttane har i år hvert 3 årsklasser. Med to spillere i disp. det er noe forskjell i nivå, men dette er da og logisk, i forhold til at det da er flere årsklasser sammen. Guttane har spilt mye fin håndball, er ofte på når det gjelder fokus på trening.
Vi håper vi skal få et lag i 12 eller 13 års serien og neste sesong.
Guttane reiser Til Stord cup som avslutning i pinsen.

**J 14.**
**Trenere Vidar og Patrick.**
En fin gjeng på 10 spillere. Der vi har fått inn en ny, og en har dessverre gitt seg, jentene har tatt ålvakten sinaldersklassen. Og at lage består av to årsklasser. Vi har i dette kullet hatt to spillere som har vært tatt ut på RUM denne sesongen. Litt nivåforskjeller i spillere, som er normalt, når noen satser litt mere på håndball enn andre spillere, som er helt normalt ii denne årsklassen
Faller litt ofte ut av fokus, men er lette og hente inn igjen.
Jenteen har trent 3 timer i uka, sammen med gutta 12, dette har både positive og negative sider ved seg. Dette må vi se nærmere på neste sesong.
Jentene reiser på Stord cup som avslutning. Neste år et det over på klisterball, som kan bli spennende. Jentene har hatt mulighet til å både trene og spille opp en årsklasse denne sesongen. Her burde det vært bedre en di to som hat prøvd.

**J 15.**
**Trenere Patrick og Vidar.**

Jente 15 har i år vært 11 spillere totalt. Di mistet målvakten sin , til jul, da ho valgte å prioritere skulemusikk. Vi har da hatt utfordringer, med hvordan vi skulle løse resten av sesongen. Dette løste vi ved at vi da ha latt det være et rulleringssytem på å stå i mål. Det er en gos treningsgruppe. Det viser gost når vi kommer opp i denne alderen at noen satser hardere enn andre, dette kan og skape litt turbulente situasjoner i forhold til prioriteringer på både kamp og i trening.
4 jenter har i år vært uttatt til RUM, som er veldig bra. Jentene har trent 3,5 timer i uke.
Vi har nå begynt planlegging av neste sesong, vi ser at det blir et frafall, som er og logisk da håndballen blir tøffere og vill ta mere tid.

Il Høyang Handballgruppa.

Vidar Fredriksen.
Leiar /sportslig leiar.

Silje Marie L. Martinsen
Styremedlem. Ansv. Mini

Ove Hellem
Kasserer

Rita Marie N. Eldevik
Styremedlem.Ansv. Dugnad

# IL HØYANG Barneidrettsgruppa
# Årsmelding 2019

1. **Organisering**

Styret i barneidretts gruppa har vore samansett slik:

Lindis Hilde - delt på leiaransvar (formell leiar)

Sissel Hatlem - delt på det praktiske leiar ansvaret

Vidar Skår - kasserar

Katrine Tonning - styremedlem (material ansvarleg)

Tormod Rye - styremedlem (dugnads ansvarleg og refferent)

Anders Moritsgård - styremedlem (ansvarleg for barnehage gruppa)

Tina Bruaas- Styremedlem (Minifotball ansvarleg)

Styret har hatt 6 møter; 5 ordinære styremøte og eit årsmøte.

Idrettane i barneidretts gruppa har vore presenterte i årsplanen, i eit årshjul.

Barneidretts gruppa har kommunisert til medlemmane i hovudsak gjennom ei Facebook-gruppe. Dette ser stort sett ut til å ha fungert bra. Når det gjeld informasjon om års hjulet, som vi la inn i årsplanen og trykte ut i papirversjon, ser vi at dette har kome tydeleg nok ut til medlemmane.

1. **Økonomi**

Barneidrettsgruppa er sjølvfinansiert.

-Barneidrettsskulen hadde et underskot på kr. 35 900,- i 2018.

-Underskotet skuldas i hovudsak kjøp av vant til miniløkker (ca. kr. 28 500) til bruk på turnering og trening.

- Et lite underskot på miniputt turneringa (ca. Kr. 3 000,-) grunna minska inntening på turneringa. Vi fekk den første turneringa og det var lite ungar påmeldte mot normalt. Det ble og kjøp inn en del utstyr til turneringa.

- Barnehagebarna betaler ikke treningskontingent. Det blir tatt en trenings kontingent på kr. 150 for barn 1 til 4 klasse, de som deltar på minihåndball og minifotball.

# IL HØYANG Barneidrettsgruppa
# Årsmelding 2019

1. **Aktivitetar**

Trening for barnehageborn har vore gjennomført i heil hall, torsdager kl.1730-1830. Vi ser at dette er ei organisering og treningstid som trekk mange born på trening. Vi har og i haust måtte lånt vekk en sal til fotball gruppa, 2014 kullet. Slik at dei skulle få trene litt før ein inne fotball turnering i Dale. Det har gått fint at barnehagegruppa berre har hatt to salar, men vi vil tilbake til heil hall til våren at.

Trening for 1.-4.klasse har vore gjennomført i tre ulike salar, på måndagar kl.1600-1730. Dei ulike gruppene i årshjulet har sjølve bestemt korleis dei har ønskt å organisere barna i grupper og tidsfordeling. Vi ser at organisert idrett for denne barnegruppa har fungert godt innafor tidsramma 45 minutt.

Idrettane som har vore presenterte i årshjulet er handball, turn, innebandy og fotball. I starten av idrettsåret 2019 vart alle undergruppene i idrettslaget inviterte til å vere med i årshjulet og presentere sin idrett for barn i idrettskulen.

Utandørs miniputt-trening for 1.-4.kl har vi hatt frå 1.mai -1.oktober 2019. Foreldre har teke på seg trenaransvar, med trening ein gong per veke. Det har vore godt oppmøte på alle gruppene. På grunn av dei årlege miniputt-turneringane (Kongleriket), som startar allereie i april/mai. Der ser vi at treninga bør, for komande sesongar, starte innan- eller utandørs allereie frå om lag 1. april.

